



Marcus Ousdal er verkeleg ein snill og omtenssom julenissegut.

**Marcus Ousdal, den 7 år unge, snille og omtenssame julenissen i Omvikdalen har også i år samla inn julegåver til dei som treng det, og ikkje har råd til å kjøpa sjølv. Det er tredje året han organiserer ei slik flott innsamling saman med mora. Mange har bidratt til gåveinnsamlinga, og no etterlyser dei tips til born som bør få desse presangane.**

I samband med det skriv mora Diana Ousdal på facebook:

- Me har også i år samla inn julegåver til born som treng det! Er du i ein situasjon som gjer at du ikkje får gleda dine born til jul i år? Då vil me gjerne hjelpa deg!

Dei ber om tips dersom vi veit om nokon treng hjelp, og vi kan vera anonyme om vi vil.

- Dette er 3 året me gjer detta og me har møtt mangen i ulike situasjonar! Så ikke ver redd for å ta kontakt! Tlf 958 00 844, skriv Diana vidare så her er det berre å ringa eller senda sms. Dei ønskjer at vi tar kontakt før 20.12. då dei vil dela ut presangar til dei som treng det her lokalt først. Dersom dei får noko til overs, vil dei reisa til Bergen og levera det til Robin Hood-huset.

Det er eit fantastisk flott tiltak Marcus og mora står bak. Dei syns det er like kjekt å gje som å få. Dei skaper verkeleg juleglede og gjev jula eit godt innhald.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Kvinnheringen